

Budsjett 2015 – mål for organisasjonsavdelinga

Sentrale målsetjingar i 2015

I 2015 vil organisasjonsavdelinga spesielt satse på å:

- Utvikle og effektivisere HFK gjennom å fremme endringskultur og sikre god gjennomføring av omstillingsprosessar i organisasjonen
- Styrke e-forvaltninga i HFK
- Styrke omdømet til HFK ved ei meir synleg og positiv profilering av HFK sine aktivitetar og tenestetilbod
- Bidra til å auke gjennomføringsprosenten i vidaregåande opplæring

Det er gjort nærmere greie for målsetjingane nedanfor.

Hovudmålsetjingar

Fylkeskommunane kan vente seg store endringar i oppgåvefordelinga mellom staten, fylkeskommunen og kommunane. Likeins er det varsla ei kraftig omlegging av finansieringa av fylkeskommunane, ei omlegging som for Hordaland fylkeskommune sin del betyr ein reduksjon i driftsrammene på om lag 130 mill. kr innan 2018. For Hordaland fylkeskommune er det viktig å ligge i forkant av denne utviklinga. Eit sentral målsetjing for organisasjonsavdelinga er derfor å **utvikle og effektivisere HFK gjennom å fremme endringskultur og sikre god gjennomføring av omstillingsprosessar i organisasjonen**. Dette målet har både eit personalpolitiske og eit økonomisk aspekt: gjennom informasjon og kompetanseheving skal leiarar og medarbeidarar sin omstillingsevne verte styrka, og gjennom effektivisering av drifta skal vi kunne møte dei strammare økonomiske tidene vel budd.

Den førre regjeringa tok initiativ til ei satsing som inneber at hovudmodellen for kommunikasjon mellom det offentlege og innbyggjarane skal vere elektronisk kommunikasjon. I denne omgang har regjeringa satt frist om bruk av dei nasjonale felleskomponentane, som er under etablering, for utsending av elektroniske svar **frå forvaltninga til innbyggjarane**. For å følgje opp dette har organisasjonsavdelinga som eit av sine hovudmålsetjingar å **styrke e-forvaltninga i HFK**. Hordaland fylkeskommune må innan fristen, 01.01.16, ha knytt seg til bruk av eit register for utsending av elektronisk svar til innbyggjarane. Det er sett ned ei prosjektgruppe som skal jobbe med dette.

I 2014 har HFK teke i bruk dokumenthandteringssystemet ePhorte der så vel sakhandsaming som arkiv er elektronisk. Satsinga på å styrke e-forvaltninga i HFK bidreg dermed også til at HFK sin profil vert «grønare».

I ei tid der det vert stilt spørsmål ved framtida til fylkeskommunen og der både oppgåvefordelinga mellom staten, fylkeskommunen og kommunane, og finansieringa av fylkeskommunane er under endring, ser HFK det som ei viktig oppgåve å styrke omdømet vårt hos innbyggjarane og politiske mynde.

Målsetjinga er å **styrke omdømet til HFK ved ei meir synleg og positiv profilering av HFK sine aktivitetar og tenestetilbod**.

Kommunikasjon skal nyttast strategisk for å bidra til at Hordaland fylkeskommune når sine mål. Kommunikasjonen skal tilpassast målgruppene både i bodskap og kanalval, slik at brukarane og innbyggjarane våre får relevant informasjon om tenestetilboden. Vi skal gjennom mediekontakt og kampanjar løfte fram aktuelle saker og bidra til at HFK vert meir synleg. Vi skal kommunisere heilsakapleg både i bodskap og gjennom dei visuelle virkemidlane.

God internkommunikasjon er avgjerande for at det skal skapast identitet og tilhørysle i organisasjonen. God internkommunikasjon legg også grunnlaget for den eksterne kommunikasjonen. Difor skal også arbeidet med internkommunikasjon og intranett styrkast.

Både nasjonalt og lokalt viser gjennomføringstala i vidaregåande opplæring at det er behov for å sette i verk tiltak for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring. Som ein stor offentleg organisasjon har HFK eit sam-

funnsansvar for å **bidra til å auke gjennomføringsprosenten i vidaregående opplæring**. Organisasjonsavdelinga har ei rolle som pådrivar og koordinator for HFK sitt bidrag til dette. Vi legg derfor fram ein auke i talet på læreplassar med 20% frå 24 til 29. Det er vidare ei målsetjing å øyremerke 20 % av læreplassane i fylkeskommunen for ungdom med særskilte behov.

Andre utfordringar

Ut over dei sentrale målsetjingane for 2015 vil organisasjonsavdelinga i 2015 prioritere å arbeide med desse viktige utfordringane.

420 Administrasjon

Organisasjonsavdelinga har jobba målretta med å effektivisere drifta og har redusert talet på årsverk med 5,9. Dette har skjedd ved naturleg avgang og gjennom effektivisering og omfordeling av arbeidsoppgåver.

Prosjektet «Førebudd på framtida» har hatt som mandat å analysere organisasjonsstruktur og arbeidsprosesar i dei fire avdelingane organisasjon, økonomi, kultur- og idrett og regionalavdelinga, samt tannhelseavdelinga i fylkesadministrasjonen. Konsulentfirmaet BDO har levert ein rapport med analysar og tilrådingar som må følgjast opp i 2015. Ein vil m.a. byrje å planlegge for optimal bemanning i eit lengre tidsperspektiv. Dette vil ein gjere gjennom å lage ulike scenario for personalplanlegging basert på tal frå Personalportalen og samtalar med dei ulike avdelingane. Arbeid med omstilling generelt og skolebruksplanen spesielt vil ta ein god del av ressursane til personalseksjonen i 2015. Dette er og eit samarbeid med ansvarleg avdeling og HMT-seksjonen.

På IT-området vil vi i 2015 basere utviklinga på ein ny IT-strategi som skal bidra til at einingane i HFK skal gi gode tenester til innbyggjarar og næringsliv, samt sikre at IT er eit godt arbeidsverktøy for tilsette i fylkeskommunen.

Eit døme på dette er prioriteringa av e-forvaltning og IT-løysningar for elektronisk kommunikasjon til innbyggjarar (elektronisk svar ut med bruk av nasjonale meldingstenester). Andre døme er teknologiprosjekt som t.d. omlegging av telefoni-løysningar på skoler/tannklinikkar, rådgjeving og tilrettelegging med datakommunikasjon for nye skolebygg; t.d. på Voss

I løpet av 2015 og 2016 skal sak- og arkivsystemet ePhorte implementerast på alle vidaregåande skular og i alle tannhelsedistrikt. For administrasjonsseksjonen sin del vil dette krevje noko bruk av ressursar, særleg vil ein måtte styrke brukarstøtta ut mot dei ytre einingane.

Målet er at ein ved utgangen av 2015 skal ha rydda i tidlegare arkivperiodar. Arbeidet er antatt å krevje to årsverk i 2015. Dette vil bli organisert som eit prosjekt.

I 2015 er det kommune – og fylkestingsval. Gjennomføringa av val i Hordaland vert leia av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med kommunane. Organisasjonsavdelinga har sett av og finansierer ei 30% stilling til dette formålet. I tillegg vil det vere behov for kontortekniske bidrag til gjennomføringa.

På oppdrag frå fylkesrådmannen har organisasjonsavdelinga inngått ein fireårig rammeavtale med AFF AS om levering av leiaturviklingsprogram for erfarne leiatar og støtte til leiargruppeutvikling for leiargruppene i HFK. Leiaturviklingsprogrammet vert finansiert over organisasjonsavdelinga sitt budsjett, mens leiargruppeutvikling må finansierast av den enkelte leiargruppa. Det vil verte søkt om tilskot til satsingane frå KS.

HFK-leiarskulen modul 1, som er eit leiariopplæringsprogram for nye leiatar, held fram med eit kull à ca. 30 leiatar kvart halvår. Programmet består av fem heildagssamlingar og vert finansiert innafor budsjettet til organisasjonsavdelinga.

480 Diverse fellesutgifter

Det skal gjennomførast ei større øving innan beredskapsområdet i 2015, samstundes som beredskapsplanen skal reviderast ved slutten av 2015.

Fylkesrådmannen arbeider med oppfølging av skolebruksplanen. Dette arbeidet er svært krevjande og fylkesrådmannen reknar difor med at det fortsatt vil vere behov for ekstra omstillingssmidlar. Også i samband med prosjektet «Førebudd på framtida», som har starta i sentrale einingar i fylkesadministrasjonen, vil det kunne bli behov for slike midlar. Det er difor budsjettert med 14 mill. kr til omstilling, attføring og retrett om lag det same som i 2014.

Nærare skildring av sentrale målsetjingar organisasjonsavdelinga i 2015

Effektmål	Utvikle og effektivisere HFK gjennom å fremme endringskultur og sikre god gjennomføring av omstillingsprosessar i organisasjonen
Resultatmål	<ul style="list-style-type: none"> - Rangering blant dei tre fylkeskommunane i Noreg med best administrativ effektivitet (KOSTRA) - Styrka endringsleiings- og omstillingsskompetanse hos leiarar og medarbeidarar
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> - Vidare arbeid med prosjekt «Førebudd på framtida» (eigen tiltaksplan) - Vidare arbeid med å implementere skolebruksplanen - Arrangere «Arbeidsmiljødagen 2015» (hovudtema: endring og omstilling) - Tema på obligatorisk samling for leiarar i HFK - Tema på HFK-leiarskulen - Tema i leiarutviklingsprogram - Tema i leiargruppeutvikling - Revisjon og relansering av «dei 9 omstillingsreglane» - Informasjon, temamøte m.v. for alle tilsette - Nytt spørsmål i MU16: «Omstillingsprosessar vert gjennomførte på ein føreseieleg og god måte»
Indikatorar	<ul style="list-style-type: none"> - Effektiviteten i administrativ drift (KOSTRA-kode 420) er auka frå 90% til 92% innan 1.1.16 - Færre konfliktsaker som følgje av omstillingsprosessar

Effektmål	Styrke e-forvaltninga i HFK
Resultatmål	<ul style="list-style-type: none"> - All utsending og lagring av informasjon og korrespondanse frå HFK skal skje elektro-nisk pr 1.1.16 (SvarUT - eige prosjekt) - ePhorte implementert på alle skular innan 1.1.17 - Felles postmottak i HFK innan 1.1.16 - 100 % papirlause møte i alle politiske organ innan 1.1.16 - Grønare profil
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> - Leggje til rette nettsider for ulike digitale løysingar (eigen prosjektplan)

	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjekt SvarUT – eigen prosjektplan - Revidere IT-strategi - Informasjon om og forankring av arbeidet med e-forvaltning - Opplæring og brukarstøtte i ePhorte med særskilt fokus på skulane - Alle politiske dokument ut sju dagar før møte - Innkjøp av nettrett til politiske utval
Indikatorar	<ul style="list-style-type: none"> - Funksjon SvarUT etablert pr. 1.1.16 - 50 % av skulane skal ha tatt i bruk ePhorte pr 1.1.16 - 5% reduksjon i papirkostnader pr 1.1.16 - Porto redusert med 5% pr 1.1.16 - Papirbruk til trykking av politiske dokument redusert med 5 % pr 1.1.16

Effektmål	Styrke omdømet til HFK ved ei meir synleg og positiv profilering av HFK sine aktivitetar og tenestetilbod
Resultatmål	<ul style="list-style-type: none"> - Styrka relasjonar og kjennskap til HFK i kommunar og media - Første versjon av nye nettstader for vidaregåande skular og Hordaland fylkeskommune
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> - Vidareutvikle internett gjennom prosjektet e-forvaltning (eigen prosjektplan) - Aktivt legge til rette minimum 12 saker for media pr år - Aktivt nytte vindauga i fylkesbygget til å vise aktivitetar og ansvarsområde, med minimum 2 utstillingar i året - Aktivt nytte eit bredt spekter av kommunikasjonstiltak, og bidra til minimum to uttalte kampanjar/aktivitetar - Vidareutvikle profilhandbok og utvikle gode dokumentmalar - Inngå avtale om (ekstern) analyse av HFKs medieomtale - Inngå avtale om (enkel) analyse av HFKs omdømme blant innbyggjarane i Hordaland
Indikatorar	<ul style="list-style-type: none"> - Topp 10 blant norske fylkeskommunar på årlig PR barometer på alle områder som blir målt (Aalund) - Brukartilfredshet hos kommunane (spørjeundersøking) med HFK sine aktivitetar og tenestetilbod - Første versjon av nye nettsider for skulane ferdig innan 1.2. 2015 - Første versjon av nye nettsider for HFK ferdig innan 1. 10.2015

Effektmål	Bidra til å auke gjennomføringsprosenten i vidaregående opplæring
Resultatmål	<ul style="list-style-type: none"> - Auke talet på læreplassar med 20 % frå 24 til 29 lærlingar innan utgangen av 2015 - 20 % av lærepassane skal vere for ungdom med særskilte behov

Tiltak	- Kartlegge potensialet for å auke inntaket av lærlingar
Indikatorar	- Talet på lærlingar (ikt-lærlingar i vidaregåande skule og kontorfag) har auka med 5 innan utgangen av 2015